



Mo kyrkje



Skafså kyrkje



Eidsborg stavkyrkje



Høydalsmo kyrkje



Lårdal kyrkje

*Kyrkjelydsblad for Tokke prestegjeld  
Nr. 3-2008- Årgang 22*

KYRKJELYDEN



# Velkomen til eit nytt nummer av Kyrkjelyden...

“En sommer er over, men minnene om den består.” Slik ljoma det frå radioen for ein del år sidan. I skrivande stund er det 18. september. Lauvet gulnar og kveldane blir kortare. Jau, sommaren er over for i år. Vemodig er det, ein aldri så liten sorg. Noko er over og kjem aldri att. Det minner oss om at tida går fort. Vi får vone at det er gode minne som ligg att frå sommaren, samtidig som vi veit at ikkje alle har det alltid.

Men hausten kan også vere fin, ikkje minst i naturen med klåre dagar og flotte fargar. Og hausten er også byrjinga på eit nytt arbeidsår, som det heiter, i skule og arbeidsliv, foreningar og lag – og i kyrkja, m.a. med nye konfirmantar. I år har vi nesten dobbelt så mange som i fjor, 27 i Eidsborg, Mo og Skafså og 9 i Høydalsmo og Lårdal. Det er ei utfordring, men det var veldig hyggjeleg å møte dei til fyrste samlings på måndag. Vi ser fram til å vere saman med dei utover, og etter haustferien får vi hjelp av elevteam frå Kvitsund, i båe sokna. Åtti elevar i tretten team reiser ut i barne- og ungdomsarbeid i heile Vest-Telemark!

Elles er det ei veldig god oppleving for mange at fjellkyrkja no reiser seg. Du kan lese om dette i bladet, og dette er ei sak vi sikkert kjem med meir stoff om seinare. Men alt no skal dei ha takk som har vore med på å få dette i orden, og særleg dei som har stått på i mange år.

Og så er prestevikaren Jarle Bryne på plass, og han presenterer vi i eit portrettintervju. Jarle er ein fin kar. Ta vel imot han!

Øyvind A. Jørgensen

**Redaktør:**  
**Øyvind A. Jørgensen**

**Med god hjelp frå:**  
**Jarle Bryne**

**Formgjeving:**  
**Ove Kjell Huvestad.**

**Gåver til “Kyrkjelyden”**  
**kan betalast inn på**  
**bankgirokonto**  
**2685 07 06947**

**Kyrkjekontoret i Tokke**  
**Tlf 350 77 188**  
**Fax 350 77 052**

**E-post:**  
kyrkjekontoret@tokke.kommune.no  
prosten@tokke.kommune.no  
kyrkjeverja@tokke.kommune.no  
**Postboks 94**  
**3886 DALEN**

**Kontoret er ope:**  
**Måndag, tysdag, onsdag, torsdag**  
**og fredag - kl. 0900-14.00.**

---

Prost Jørgensen, Øyvind A.	- mobilt.	995 16 348
Prestevikar Bryne, Jarle	- mobilt.	911 38 976
Prostidiakon Erikstein, Eilev	- mobilt.	911 13 580
Kyrkjeverje Huvestad, Ove Kjell	- mobilt.	908 77 188
Organist Radziej, Zbigniew,	- mobilt.	412 71 930
Organist Lamsodis, Robertas	- mobilt.	970 97 475

# Forvaltaransvaret, skaparverket og nesten

Eg tok opp Bibelen og eg las i Lukas til eg kom til kapittel 16. I vers 19 stoppar eg opp. Eg ser ein overskrift der det står: Den rike mannen og Lasarus. Eg las teksten frå vers 19-31. Den rike mannen levde i fest og gaman dag etter dag. Han var ein uansvarleg og uvitug mann. Det var noko han ikkje skjøna. Han skjøna ikkje at han hadde fått ei tilmålt tid i verda. Eg tykkjer teksten seier noko om korleis vi skal forvalte våre ressursar. Å leva som ein uvitug og bare eta mat og vera oppteken av gods og gull, det fører gale av stad. Det er to viktige ting: 1. Å leva, det er å ta ansvar for skaparverket. 2. Å leva, det er å elska vår neste som oss sjølve.

Vi har eit ansvar for klimaet vårt. Vi har eit ansvar for å ikkje øydeleggje jorda. Eg meiner likninga om den rike mannen og Lasarus seier noko om kva eit uansvarleg liv vil føre til. Mykje vert gløymt om vi ikkje er takksame i møte med dei ulike elementa i skaparverket. Om vi ikkje skjønar problema vi står ovanfor og om vi ikkje har kjærleik til den verda Gud har skapt, så valdar vi oss sjølve skade. Gud har gjeve oss eit forvaltaransvar for jorda. Om vi ikkje tek det ansvaret, så tek vi ikkje ansvar for oss sjølve.

Vi har eit ansvar for vår neste. Her i Noreg er dei fleste av oss rike. Vi har mykje pengar. Vi et oss stappmette, vi forbrukar veldig mykje ressursar. Eg undrast: tenkjer vi noko særlig på alle dei lasarusar som finst i verda? Eller er vi for opptekne av vårt eige lille mikrokosmos? Teksten utfordrar oss til å ta ansvar for oss sjølve, for jorda og for vår neste. Dette handlar om diakoni. Som kyrkje så har vi eit ansvar for kvart einskild menneske. Kvart einskild menneske har eit uutgrunneleg verd. Det er naudsynt å ta omsyn til det gjennom å bere bøkene for kvarandre. Det er eit sterkt vitnemål når Jesus framhevar at den rike mannen ville ha Lasarus på besøk. Mennesket, visitten og synet av han skulle berge han frå pinestaden. Vi skal sjå til kvarandre, gje tid til vår neste. Det kan vere noko så enkelt som å ta seg tid til eit lite besøk til eit menneske som treng det. Det er nettopp dette som er evangeliet i handling.

Eg har noko til ettertanke. Eg sa at vi er rike her i Noreg. Det er sant. Men eg har sett mykje naud likevel. Redsla for ikkje å lukkast, redsla for å ikkje hengje med er verkeleg til stades. Eg vonar vi kan byrje å sjå kvarandre i kvardagen. Vi må sjå nauda hjå vår nabo. Nauda kan vere der om ho så ikkje synest for våre augo.

Den rike mannen fekk det han trengte medan han levde. Lasarus levde i fattigdom og naud i verda. Men Lasarus fekk full oppreising etter livet på jorda. Den rike mannen trengte Lasarus i sin heim. Bodskapen er: Lat oss sjå kvarandre, lat oss stå saman om forvaltaransvaret for vår jord, lat oss saman lovprisa Gud, lat oss be saman og lat oss gå på gudsteneste saman.

Lat oss ta vare på skaparverket og lat oss elska kvarandre som Gud har elska oss.

Gud velsigne deg.

JB

# ”Den himmelske lovsong” i Høydalsmo kyrkje

Den 8. juni inviterte soknerådet til songkveld, og kyrkja var heilt full. Det var f.o.fr. Anne-Lise Bakken som hadde planlagt kvelden, og ho fortalte og knytte songane saman. Ho hadde også pynta kyrkja på ein veldig vakker måte med blomar og ting som symboliserer den kristne vona og innhaldet i songane. Seilskuta som hang i kyrkjeskippet, minte oss om reisa gjennom livet, og vi song ”Jeg er en seiler på livets hav”. Det var mykje allsong, og songgleda var stor. Eg trur alle som var til stades, opplevde å høyre ein tone av den himmelske lovsongen. Dyktige musikarar denne kvelden var Robertas Lamsodis på orgel/piano og Vegard Omdal på trekkspel. Hege



Torunn Kovajord og Joachim Hees gledde forsamlinga med vakker solosong.

Dekorasjonen som biletet viser, har mange symbol, m.a. desse: Det visne lauvet vitnar om døden, og dei grønne palmegreinene står for det evige. Fjærestein, fyr og seilskip minner om at ”midt i nattens mørke blinker som et fyrlys Jesu navn, og hver hjelpløs seiler vinker inn til frelsens trygge havn”. Den kvite fargen står for reinleik, dei grønne veggane for von, den blå fargen for himmelgleda, og den gul-oransje minner oss om at Jesus er det ljuset som gjer at det ikkje trengst korkje sol eller måne

i den evige byen. Fredslilja minner om at Jesus er Fredsfyrsten, lammet om at han ofra livet for oss, og englane syng den himmelske lovsongen. ØAJ



*Svenning Jørgensen delar ut Twist som takk for innsatsen. F.v. Robertas Lamsodis, Hege Torunn Kovajord, Svenning Jørgensen, Anne-Lise Bakken, Joachim Hees, Vegard Omdal.*

# SKAFSÅHEII FJELLKYRKJE


Det er nå snart 19 år sidan Skafså sokneråd sette ned ein komité som skulle arbeide for ei fjellkyrkje på Skafsåheii. Vi starta med om lag kr. 30 000,-. Det var pengar som Albert Barstad hadde fått inn ved å selge dreia bollar. Han var ivrig etter å få bygd ei fjellkyrkje oppe på Skafsåheii, ein visjon som kom til på midten av 1950-åra. Innan 20. desember i år skal fjellkyrkja ved Hallbjønnsekken bli overlevert til Tokke kyrkjelege fellelråd. Vi som sit i fjellkyrkjekomiteén har i løpet av det siste året opplevd det gledelege at finansieringa av ei fjellkyrkje har kome i hamn. Dette er mykje takka vere stor velvilje og økonomisk støtte frå Feltspatkompaniet AS som skal setje opp fleire hytter i nærleiken av fjellkyrkja, samt økonomisk støtte frå Tokke kommune. Feltspatkompaniet har fått oppdraget med å setje opp fjellkyrkja. Alt dette er sjølv sagt vi i fjellkyrkjekomiteén svært takksame og glade for. Det betyr ikkje at komitéén vert arbeidslaus. Det vert ein god del arbeid som må gjerast inne i kyrkja og utanfor før vi kan innvie bygget. Vi skal framleis arrangere basarar og hjelpe til med finansieringa framover.

Det hadde ikkje vore mogleg å bygge denne kyrkja utan den storslåtte gáva etter Agnes og Mikkel Åmlid på om lag 1,3 millionar kroner. Likeså må vi nemne gáva på om lag 300 000 frå Aslak Aabø. I tillegg kjem gåver frå skogeigarar og einskildpersonar.

Feltspatkompaniet byggjer fjellkyrkja i modular i Litauen. Sidan det i utgangspunktet var tenkt å bruke eigen material til å byggje ei kyrkje, sit vi med eit lager av materialar av ulike dimensjonar. Dette er ujustert material. Det meste er lagra i kjellaren på fjellkyrkja. Ein del, mest av grove dimensjonar, bl.a. dreia søyler, er lagra inne på Vinje Sag. Dersom nokon er interessert i svært rimeleg material, ta kontakt med underteikna eller Kyrkje-kontoret i Tokke.

Fjellkyrkja består av eit forsamlingsrom som kan romme 90-100 personar, samt eit kjøken, eit handicap-toalett, eit lager og eit såkalla "presterom". Det meste av inventaret som stolar, bord og kjøkenutstyr har vi i si tid fått av Kari Dalen. Fleire har gjeve oss fine og nyttige ting til fjellkyrkja, og det vil vi kome attende til ved eit seinare høve. Vi er takksame for all dugnadsinnsatsen opp gjennom åra. Vi er glade for at fleire har sagt dei vil hjelpe oss med praktiske gjeremål i tida framover.

Det er eit ynskje frå oss i komitéén og Tokke kyrkjelege fellelråd at fjellkyrkja på Skafsåheii skal bli bruka ofte av ulike lag og organisasjonar. Neste år vil vi kunne leige ut kyrkja





Fjellkyrkja 18.september 2008. Vi ser at taket har kome på, det står att å kle utvendig, og isolere og kle innvendig.

Foto: Ove Kjell Huvestadtil ulike



formål. Dersom nokon kan tenkje seg å halde bryllup her, er det bare å ta kontakt. Vi har bl.a. dekketøy til om lag 100 personar.

Vi har ein kjellar som ikkje vert innreidd i denne omgang. Men planen er å setje den i stand slik av vi kan ta imot overnattingsgjester. Det vert neste byggetrinn. I denne omgang vert det sett inn vindauge og dører slik at kjellarromet vert isolert.

Ein gong neste år vil vi invitere fastbuande og hyttefolk til opninga av fjellkyrkja.

Det er vårt store ynskje at dette bygget vil bli brukt av så mange som mogleg. Kyrkja ligg midt i ein fantastisk natur, der alt ligg til rette for turar sommar som vinter.

Vi som sit i fjellkyrkjekomiteén skal ha basar til inntekt for fjellkyrkja neste år. Dersom nokon ynskjer å gje gevinstar, er vi takksame for det. Likeså ser vi gjerne at folk melder seg til dugnadsinnsats i tida framover. Ta kontakt med underteikna eller ein av dei andre i komitéén: Gunn Halldis Gaastjønn, Ottar Urbø, Anne-Lise Arneberg, Astrid Døli og Andreas Haugholmen . Arbeid med hamar eller målarkest med innlagte kaffipausar er eit godt utgangspunkt for sosialt fellesskap! Kanskje vankar det nysteikte vaflar også!

Ta ein tur innom fjellkyrkjetomta og sjå korleis det går framover med kyrkja!

Helsing Gunstein Seltveit

Leiar/fjellkyrkjekomiteén

---

## Friluftsgudsteneste på Krossdalen



I vår kom det opp ein idé i soknerådet i Høydalsmo og Lårdal om å ha ei friluftsgudsteneste på Krossdalen, ved støylen der. Ho vart halde den 24. august, og nær på tretti menneske møtte fram. Det såg litt trugande ut med vêret, men regnet heldt seg unna. Etter gudstenesta var det måltid og song og nokre gode historier frå fleire, og mange avslutta dagen med ein skogstur. ei gruppe gjekk til Møyskrivet og ei anna til eit utsiktspunkt litt nærare hytta, og alle hadde ei fin naturoppleving med flott utsikt. ØAJ

# 50-års konfirmantar - Eidsborg, Mo og Skafså sokn



## 25 og 75-års konfirmantar - Eidsborg, Mo og Skafså sokn



# Eg ser ein raud tråd av tru

”Eg har blitt godt motteken i stab og sokneråd, og vi har hatt ein god start med konfirmantane. Eg ser fram til å jobbe vidare her.” Dette seier Jarle Bryne (30), som byrja som prestevikar i Tokke midt i august. Han skal vere her eit år medan Svenning Jørgensen har permisjon.

Jarle er ikkje ukjend med Vest-Telemark, for han kjem no frå 20 månaders vikariat i Kviteseid. Sommaren 2006 var han ein periode i Tokke, og i vår hadde han institusjonspraksis i studiet sitt på helsesenteret her og i skogsleiren i Fyresdal.



## Barndom og bedehus

Jarle er fødd på Mosby ei mil nord for Kristiansand, noko ein høyrer på dialekten hans så fort han opnar munnen. I barndomen var han veldig oppteken av trening, fortel han. Og så fann han tidleg ein plass på bedehuset. ”Om laurdagane var eg ute og sykla frå to til seks-sju-tida. Så bar det rett i dusjen og så ned på ”Treff 8” som ungdomstreffet vart kalla. Det var ikkje foreldra mine som tok meg til bedehuset, eg gjekk dit saman med vener. Slik vart eg stadig betre kjend med kristendomen, men eg kan ikkje seie at eg var ein truande då. Som konfirmant las eg

mykje i Bibelen, men helst for å finne noko eg kunne setje presten fast på. Eg var i opposisjon, men likevel var eg på bedehuset og kjende det trygt og godt.”

## Vgs i Søgne

”Då eg var ferdig med ungdomsskulen, var eg veldig skulelei. Men sidan eg var glad i natur og friluftsliv, passa det godt å byrje på landbruksskulen i Søgne. Der fekk eg fire gode år. Heile tida hadde eg Bibelen på romet, og las i han, sjølv om eg ikkje trudde. Eg var på leiting, og kristendomen var eg oppteken av heile tida. Så var det teltmøter i heimbygda, og det dei kalla ei vekking. Då møtte eg Jesus, trudde eg, men det var nok mest ein rus. Fyrst seinare vart eg grunnfesta i trua. Eg var ein periode med i pinsemenigheten i Vennesla også. Det åndelege miljøet der var spennande å bli kjend med, men eg fann meg ikkje varig til rette der.

## Utdanning

Jarle byrja å studere kristendomskunnskap for å bli lærar. Så var det ein som overtala han til å ta eit halvt år med gresk på Ansgarskolen, og så fylgde m.a. seks veker med praktisk teologi. ”Då kom eg til at eg ville bli prest,” fortel han, og han tok Bachelorgrad og Mastergrad i kristendom og teologi. Framleis ligg halvtanna års utdanning framfor han før han blir ferdig prest. ”Ein kan spørje om det er lurt å jobbe så lenge inni studiet, men det la seg slik til rette, eg trivst med det og treng inntekta, særleg sidan eg har familie. Vi fekk ei dotter 23. okt. i 2007. Edith Oliva heiter ho.”

## Til Vest-Telemark

For teologistudentane har biskopen eit opplegg som heiter ”Vegen til presteneste”. Gjennom det fekk Jarle etterkvart vikariat i Vest-Telemark. ”Eg likar meg godt her, og er veldig glad i

naturen og folk her, så viss det lagar seg slik i framtida, kan eg gjerne tenkje meg ei stilling her. Her er veldig variert og mangfaldig til å vere så få menneske. Det er interessant og utfordrande. Og her er det mogleg å leve eit enklare liv enn i dei store byane.”

### **Idrettsinteressert**

Jarle er blid og hyggeleg, audmjuk og venleg, men så langt frå nokon blautfisk. Ein skal ikkje la seg lure av det rolege ganglaget hans. Når han kjem på sykkelen, går det unna, og han tek gjerne sykkelen i staden for bil frå heimen i Kviteseid til kontoret på Dalen, eller ein ettermiddagstur til Åmot og ned att. For nokre år sidan dreiv han meir aktivt, og har ein fjerdeplass i rittet Odda-Bø. I 1997 vart han regionmeister i bordtennis i klassa opp til 20 år. ”Regionen var Agder-fylka og Telemark, så eg blei vel ein slag bispedøme-meister,” humrar han. Dette reknar han som si største bragd i idretten. ”Men det er nokre år og kilo sidan. Å delta i Trondheim-Oslo-rittet er ein draum, men noko lovnad skal eg vere varsam med der.”



### **Utvikling**

Vi lurar på om det har skjedd noko med han i dei to åra han har vore her oppe. ”Mykje,” kjem det spontant. ”Gjennom arbeidet som prestevikar har eg blitt meir trygg på meg sjølv - og meir audmjuk. Eg ser at eg ikkje treng å framheve meg sjølv for å vere trygg. Gode tilbakemeldingar har eg fått, men det hender også at eg gjer feil. Eg er ikkje redd for å gå inn i oppgåver, men lurar stadig om eg er god nok og om det gjer, er bra nok. Her treng eg nok jobbe meir med meg sjølv.”

### **Tankar om tenesta**

”Eg likar å få noko til å skje, få det litt kreative i gang. Vi må møte populærkulturen og folkeli-vet og vere på ulike arenaer, utan å setje budskapet til side. Det viktigaste er å få menneske til å tru på Jesus, born, unge, vaksne og gamle. I mitt eige liv ser eg den raude tråden av tru, sjølv om eg til tider ikkje trudde. Eg har inntrykk av av mange menneske har denne tråden i livet sitt, og vil gjerne at dei skal sjå han og sjå kor viktig han er. Her trur eg omsorg for menneska spelar ei viktig rolle.”

Diakoni har Jarle fått innføring i m.a. i institusjonspraksisen på helsesenteret og i skogsleiren. ”Det var fint å ha både Eilev og Bjørg som rettleiarar. Eg lærte mykje om sjelesorg, og i skogsleiren vart eg godt motteken av fangane. Dei hadde mykje å fortelje og snakke om. Det er synd at det ikkje er meir tid til husbesøk og samtaler i prestenesta.”

”Bøn er viktig,” understrekar Jarle. ”Det hender eg går innom kyrkja om morgonen og bed for tenesta og kyrkja og menneske. Elles har eg bønestundene mine når eg køyrer bil. Bøna mi og vona mi er at Den Heilage Ande skal verke gjennom oss som kyrkje.”

Vi ynskjer Jarle lukke til med arbeidet her i Tokke, og trur han skal få ei fin tid her.

ØAJ

# Sluttstrek for Frolandstemnet

I tretti år har det vore stemne i det gamle skulehuset på Froland på sommaren, med gudsteneste, graut og ulike innslag etterpå. Med gudstenesta den 29. juni og arrangementet etterpå vart det sett sluttstrek for denne tradisjonen. Bygdekvinnelaget kan ikkje ta ansvar



Magnhild Gaastjønn

for huset lenger når medlemene blir færre og eldre. Og behovet for dette grendehuset er heller ikkje så stort som før.

Det var bygdekvinnelaget, eller bondekvinnelaget som det heitte den gongen, som i 1978 tok initiativ til å ta den nedlagde skulen i bruk att. Kommunen gav løyve til det, og eigarane av grunnen var også positive. Mykje dugnadsarbeid måtte til, for pipa låg nede og huset var målingslite. Men den vesle skulestoga vart sett i stand. Ein av dei som hjalp til, var kunstnaren Harald Kihle, som tok ut fargane som skulestoga fekk.

Opp gjennom åra har ikkje bare bygdekvinne brukta huset. Her har det vore kristelege møte og møte i jaktlag, saueavlslag og andre foreningar. Og så det årlege stemnet om sommaren. I tillegg til gudstenesta og grauten har det vore foredrag og innslag av folk frå distriktet og av meir langvegsfarande. Og mykje folk har vore samla.

I år var om lag tretti menneske møtt fram, så stoga var heilt full. Bygdekvinne spanderte graut, kaker og kaffi. Det vart tid til å sitje ute og ete og røre saman før regnet kom, og så kunne vi gå inn og gjennomføre

resten av programmet. Vaida Lamsodiène frå Vinje underheldt med musikk, og så var det allsong og song av Øyvind Jørgensen. Magnhild Gaastjønn, som har vore ein primus motor med grendehuset, hadde ei helsing der ho fortalde om verksemda i grendehuset og takka eigaren av Reine for godt samarbeid. "Vi har hatt mykje hygge og mange fine tilstelningar



Folk kosa seg med mat og gode røur

på Froland," seier Magnhild til Kyrkjelyden.

ØAJ



Fem av dei som var med denne dagen, har gått på skulen her: F.v. Margit Rinde (no Auran), Evy Haugane, Sigrun Tjønn, Aud Tjønn (no Kostveit), Bjørg Haugane (no Haugen).

# ADVENTSKONSERT 7. DESEMBER 2008

Organisten i Tokke i samarbeid med Eidsborg, Mo og Skafså sokneråd skal arrangere adventskonsert i 2008.

På grunn av stor interesse frå publikum, og med erfaringar frå tidligare adventskonsertar, skal vi ha to konsertar den same dagen: kl.17.00 og kl. 19.00.

Med denne korte omtala vil eg invitere alle til den årlege høgtidskonserten som skal vere i det nye Tokke kulturhus på Dalen.

I år har eg invitert gjestekor til å delta i konserten - vårt "nabokor" – Vinje songlag med sin trufaste dirigent Liv Lofthus. Som eg hugsar har Vinje songlag sunge i Tokke siste gong under jubileumskonserten til Eivind Groven, og det måtte vere i 2001. Så det er lenge sidan.

I adventskonserten skal det delta til saman over 120 glade songarar, musikarar, dansarar bl. a. Tokke songlag, Tokke barnekor, Høydalsmo og Lårdal skulekorps, Tokke skulemusikk, elevar frå Tokke kulturskule og Tokke skule, dansegruppa "THE QUEENS", Astrid Jupskås, Stan Blackburn og Johnny Johansen, denne gongen óg som songsolist.

Kristi Skålid saman med Vinje songlag og Tokke songlag skal framføre originalversjonen av "Gabriellas sång" – nøyaktig slik som i filmen "Så som i Himmelen". Til dei fleste solistar og til allsong skal eit lærarband akkompagnere: Johnny Johansen, Tom Bråthen fra Tokke kulturskule og Lukas Radziej frå Tokke skule.

Som de hugsar frå tidligare adventskonsertar i kyrkjene våre, så har vi kvart år samla inn pengar til "Kirkens nødhjelp". Det kan bli vanskelig å gjere dette i kulturhuset, derfor vil vi gjerne at i staden for å samle inn pengar ved kollekt, kan alle som vil kome til adventskonserten kjøpe ein inngangsbillett, dvs. for vaksne 30kr, for barn over 7 år 10kr.

Eg veit at akkurat under adventskonserten er det fleire som har ynskje om å gi meir pengar til "Kirkens nødhjelp". Dei som ynskjer det kan betale litt meir for billetten. Alle pengar frå inngangsbilletten skal sendast direkte til "Kirkens nødhjelp".

Billetter kan tingast eller kjøpast på førehand på biblioteket i Tokke kulturhus ca 2 veker før konserten dvs. frå 24. oktober – tlf: Tlf. 35 07 56 66.

Husk å kjøpe billett til rett klokkeslett: 17.00 eller 19.00. Dersom det er billetter att, vert dei selde ved inngangen.

Med musikalsk helsing  
Zbigniew Radziej

## ”I gode og onde dager”

Ja, slik lyder tittelen på ei bok som kom ut sist sumar. Boki er ei samling av brev mellom sokneprest Gabriel Kielland og kona Anna i tidsromet 1908 og 1934. Den omfangsrike boki er på meir enn 400 sider, og om lag halvparten av henne er frå den tid Kielland var sokneprest i Lårdal, dvs. frå 1911 til 1919. Utgjevar er barnebarnet deira, Anne Grethe Kielland Larsen, som no er busett i Nesbyen i Halvingdal.

Boki gjev fyrst og fremst eit tidsbilete av livet i kvar- dag og helg på ein landsens prestegard for nærare 100 år sidan. Dessutan gjev ho oss innsyn i samfunnstilhøvi i bygdi og landet elles på denne tidi. Klasseskilje og mykje armod og fatigdom gjorde seg framleis gjeldande. Utruleg mykje hev endra seg sidan den tid. Bygd og heimar, folk og lagnader stig fram or gløymsla og vert levandegjorde. For oss som har levd ei stund, eller hatt interesse for lokalhistorie, møter me gamle kjenningar og lever opp att hendingar me berre har høyrte om. Boki er såleis eit viktig tillegg til lokalhistoria frå det gamle prestegjeldet som omfatta tidlegare Lårdal herad med kyrkjesoknene Lårdal, Høydalsmo og Eidsborg. Dette er ikkje staden for ei lengre, omfattande bok- melding. Til det er plassen for knapp. Men boki er så absolutt leseverdige, og gjev du deg fyrst i kast med henne, er det ikkje så lett å leggje henne vekk. Ei slik bok med glimt frå farne dagar burde vera av interesse for mange kringom i Tokke og Vest- Telemark. Eg kan i alle høve gjeva henne mi beste tilråding.

Det må elles leggjast til at gjennom denne boki har familien Kielland fatta ny interesse for Anna og Gabriel og dei stadene der dei arbeidde og levde sine liv. Såleis er eit slektsstemne i Lårdal utpå sumaren 2009 under planlegging. Dei vonar å leggje dette stemnet til ei messehelg i bygdi. Då vil det vera høve for alle til å møte etterkomarane deira.

Til sist er å nemne at boki har eit lite opplag, men ho er framleis å få kjøpe på Lårdal daglegvare, Kviteseid bokhandel eller beinveges frå utgjevaren, Anne Grethe Kielland Larsen, 3540 Nesbyen eller tlf. 907 908 05.

ATAA

## SLEKTERS GANG

### DØYPTE

#### Mo

Marie Haugo  
(døypet i Grunge kyrkje)



#### Skafså

Fredrik Kabbe Berdalen

#### Eidsborg

June Karlsen Aalandslid  
Tor Martin Allum Kollberg  
Victor-José Aravena Lande  
Francisco Alejandro Aravena Solheim  
Jon Haugland

#### Høydalsmo

Sebastian Sandvik Fjeldstad

### VIGDE

#### Skafså

Tone Elise Døli og Jørgen Orheim  
Else Marit Tiset og Kay Åge Kittelsen



#### Eidsborg

Else Karrin Apeland Dommersnes og  
Svein Terje Vestbø  
Hilde Viker Berntsen og  
Terje Dahl Svendsen  
Kirsten Marker og Gisle Halvorsen  
Stina Glømme og Dan Alexander Jupskås  
Stine Benjaminsen og Rune Nygård  
Yvonne Mandt Hagelund og  
Morten Nilsen

## DØDE

### Skafså

Tora Amanda Døli  
Karl Gustav Karlsen  
Olai Lie  
Jan Petter Løvli  
Kjetil Hovden

### Mo

Reinhart Vinjerui  
Ingebjørg Midtgarden

### Eidsborg

Olav Bendiksen  
Hallvard Arne Hellstrand

### Høydalsmo

Birger Kvålo

### Lårdal

Hjørdis Midtbø  
Ruth Holte



## GUDSTENESTELISTE TOKKE PRESTEGJELD OKTOBER - DESEMBER 2008

*Sundag 12. oktober – 22.s.e. pinse*

**Eidsborg stavkyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Nattverd

*Sundag 19. oktober – 23.s.e. pinse*

**Kommunehuset, Dalen kl. 11**

Familiegudsteneste  
Jarle Bryne  
Diakonien dag i Tokke

*Sundag 26. oktober – Bots- og bededag*

**Mo kyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Bjørn Nome  
Dåp

**Høydalsmo kyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Jarle Bryne  
Konfirmantjubiläum  
Presentasjon av nye konfirmantar i  
Høydalsmo og Lårdal

*Sundag 2. november – Helgemesse*

**Eidsborg stavkyrkje kl. 16**

Helgemesse  
Jarle Bryne

*Sundag 9. november – 26.s.e. pinse*

**Lårdal kyrkje kl. 11**

Familiegudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Utdeling av kyrkjebok til 4-åringar  
Utdeling av Bibelen til 5-klassingar  
Dåp

---

**UNGDOMSKLUBB PÅ  
DALEN SOKNEHUS  
HAUSTEN 2008 - KL.19-21:**

**Måndag 13/10, 27/10, 10/11, 24/11 og  
8/12.**



## INFORMASJON

Returadresse:  
KYRKJELYDEN  
Postboks 94  
3886 DALEN

### **Tokke Kulturhus kl. 17**

Familiegudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Utdeling av kyrkjebok til 4-åringar  
Utdeling av Bibelen til 5-klassingar

*Sundag 16. november – 27.s.e. pinse*

### **Skafså kyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Nattverd

### **Høydalsmo kyrkje kl. 18**

Ljosmesse  
Jarle Bryne og konfirmantane

*Sundag 23. november –  
Siste sundag i kyrkjeåret*

### **Lårdal kyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Jarle Bryne  
Nattverd

### **Mo kyrkje kl. 19**

Gudsteneste  
Jarle Bryne  
Nattverd

*Sundag 30. november – 1.s.i Advent*

### **Skafså kyrkje kl. 11**

Familiegudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Utdeling av kyrkjebok til 4-åringar  
Utdeling av Bibelen til 5-klassingar  
Dåp

*Sundag 7. desember – 2.s.i Advent*

### **Tokke kulturhus kl. 17 og 19**

Adventskonsert  
Sjå nærare lysing i VTB

*Sundag 14. desember – 3.s.i Advent*

### **Høydalsmo kyrkje kl. 11**

Gudsteneste  
Øyvind Jørgensen  
Nattverd

### **Mo kyrkje kl. 18**

Ljosmesse  
Jarle Bryne og konfirmantane

*Sundag 21. desember – 4.s.i Advent*

Ikkje gudsteneste i Tokke

